




# Kommuneplan for Radøy

## 2011 - 2023

### Samfunnssdelen



## Innhald

<b>1. Grunnlag og målsetjingar.....</b>	<b>3</b>
1.1. Føreord .....	3
1.2 Arbeid med revisjon av kommuneplanen.....	3
1.3 Organisering av arbeidet .....	3
1.4 Føremålet med kommuneplanen.....	3
<b>2. Overordna føringer og rammer for planarbeidet .....</b>	<b>4</b>
2.1 Balansert målstyring i kommunen .....	4
2.2 Alternative strategiar for utvikling i kommunen .....	4
<b>3. Naturgrunnlag, busetnad og folketal.....</b>	<b>6</b>
3.1. Naturgeografi.....	6
3.2. Arealressursar.....	6
3.3. Busetnad og folketal.....	6
<b>4. Miljø .....</b>	<b>8</b>
4.1. Miljøvern .....	8
4.2. Vern mot ureining.....	8
<b>5.1. Jordbruket.....</b>	<b>10</b>
<b>5.2. Natur- og skogbruk.....</b>	<b>10</b>
<b>5.3. Fiskeri, akvakultur og marin vidareforedling .....</b>	<b>11</b>
<b>5. Næringsutvikling.....</b>	<b>9</b>
<b>6. Tenester innan helse og omsorg .....</b>	<b>12</b>
<b>7. Oppvekst og læring .....</b>	<b>13</b>
7.1. Barnehage og skule – grunnleggjande tilhøve.....	13
Musikk og kulturskulen .....	13
Kvalitetssystem for skuleutvikling .....	14
<b>8. Kultur .....</b>	<b>15</b>
Kulturminnevern .....	15
<b>9. Kyrkja .....</b>	<b>16</b>
<b>10. Kommunalteknisk utbygging og drift .....</b>	<b>17</b>
Kommunale vegar .....	17
Vassforsyning .....	17
Avløpsanlegg .....	17
Renovasjon.....	17
Kommunale bygg .....	18
<b>11. Beredskap .....</b>	<b>19</b>
<b>12. Brann- og redningstenesta .....</b>	<b>20</b>
<b>13. Politi.....</b>	<b>20</b>
<b>14. Kommuneorganisasjonen .....</b>	<b>20</b>
<b>15. Oppsummering .....</b>	<b>20</b>
<b>16. Kommuneplan, kommunedelplanar, arealdelplanar, sektorplanar og andre kommunale planar .....</b>	<b>21</b>

# 1. Grunnlag og målsetjingar

## 1.1. Føreord

Kommuneplanen er kommunen sin langsiktige og overordna plan. I følgje plan- og bygningslova skal kommunestyret vurdere kommuneplanen og gjere endringar om naudsynt. Vedtak om oppstart av arbeid med revisjon av kommuneplan for Radøy vart fatta i kommunestyret i møte 29. mai 2008, sak KS-039/08.

Kommuneplanen består av samfunnssdel med handlingsdel og arealdel. Samfunnssdelen skal bestå av ei planskildring som skal gjere greie for føremålet med planen, hovudinnhald og verknader for rørte partar, interesser og omsyn. Konsekvensutgreiing av framlegg til nye tiltak skal gjere greie for verknader for miljø og samfunn.

Radøy kommune vil at kommuneplanen skal vere eit godt verkty for at kommunen kan vera i positiv utvikling.

Det er ei målsetjing at rulleringa av arealdelen er eit steg i retning av ein heilskapleg politikk som synleggjer ei medviten arealdifferensiering.

## 1.2 Arbeid med revisjon av kommuneplanen

Kommunen har hatt samarbeid med enkeltpersonar, næringsliv og organisasjoner. Det er kome mange innspel til kommuneplanen. Det har vore arrangert møte med særskilde grupper og ope bygdemøte.

Samarbeidet med regionale sektororgan har skjedd ved diskusjonar i planforum, møte, samtalar, skriftlege innspel og merknader.

## 1.3 Organisering av arbeidet

Ei eiga styringsgruppe har delteke aktivt i planprosessen. Styringsgruppa for kommunale plansaker i Radøy er formannskapet pluss leiar og nestleiar i hovudutval for plan, landbruk og teknisk. Leiar av styringsgruppa er ordføraren.

Konsulentar har vore leigde inn for å få gjort arbeid med landskapsanalyser på Mangersnes og Syltneset.

## 1.4 Føremålet med kommuneplanen

Kommuneplanen skal vere ein reiskap for dei folkevalde og for administrasjonen i kommunen.

Den skal gje grunnlag for politisk styring og utnytting av ressursane i kommunen – det vere seg naturgjevne, menneskeskapte eller den ressursen som kvar einskilt innbyggjar utgjer.

Planen skal fastsetje rammer for detaljstyringa og for kvar einskild avgjerd, slik at vi som bur og arbeider i kommunen saman kan nærme oss felles målsetjingar:

- **ei berekraftig samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag i dag og for komande generasjoner**
- **aktiv deltaking i utviklinga for alle som bur og arbeider i kommunen**
- **sikre og gode oppvekstvilkår for barn og unge**

Styringsgruppa har komme til at visjonen framleis skal gjelde:



## 2. Overordna føringer og rammer for planarbeidet

### 2.1 Balansert målstyring i kommunen

Radøy kommune innførte i 2008 balansert målstyring. Dette er eit styringsprinsipp og ein strategireiskap som kan gi betre samsvar mellom strategi og konkrete, kvantifisbare mål. Målet med innføringa har mellom anna vore å få ei betre kobling mellom daglege aktivitetar og langsigktige målsettingar. Radøy kommune har vald ut fire ulike perspektiv som går igjen innanfor alle tenesteområde. Desse fire perspektiva er:

- Lokalsamfunn
- Brukarar
- Ressursar
- Organisasjon

Innanfor kvar av desse perspektiva har ein utarbeidd eitt hovudmål. Dette hovudmålet er skissert på einingsnivå og kvar eining har utarbeidd tiltak for å nå hovudmålet. I tillegg har ein sett opp ambisjonsnivå som skisserer kva ambisjonar ein har i høve det einskilde mål.

Målekarta på kommunenivå og einingsnivå vert revidert kvart år i samband med budsjettet. Målekarta skal ha ein direkte samanheng med dei måla som er skisserte i komuneplanen.

### Balansert målstyring Radøy kommune - overordna

	Mål	Sukcessfaktorar	Målemetode	Måleindikator	Ambisjonsnivå (skisserte verdiar)
Lokalsamfunn	Ein god stad å bu	L1: God samfunnsplanlegging  L2: Gode kultur- og fridstilbod  L3: Gode levevilkår	L1.1: Statistikk SSB  L1.2: Innbyggjarundersøking - tillit  L2: Innbyggjarundersøking  L3: Innbyggjarundersøking	L1.1: Folketal  L1.2: Kor nøgne brukarane er  L2: Kor nøgne brukarane er  L3: Kor nøgne brukarane er	L1.1: 5002 i 2012  L1.2: Som snitt for landet  L2: Betre enn snitt for landet  L3: Som snitt for landet
Brukarar	Nøgne brukarar	B1: God tenestekvalitet  B2: God tilgjenge  B3: Avklára forventningar  B4: Brukarmedverknad	B1.1: Brukarundersøking  B1.2: Målt kvalitet etter objektive kriteria  B1.3: Kvalitetsundersøking heimesider  B2: Brukarundersøking  B3: Brukarundersøking - informasjon  B4: Brukarundersøking	B1.1: Kor nøgne brukarane er  B1.2: Spesifisert på tenesteområde  B1.3: Rangering på Norge.no  B2: Kor nøgne brukarane er  B3: Kor nøgne brukarane er  B4: Kor nøgne brukarane er	B1.1: Varierande etter tenesteområde  B1.2: Varierande etter tenesteområde  B1.3: Blant dei ti beste i landet  B2: Varierande etter tenesteområde  B3: Som snitt for landet  B4: Varierande etter tenesteområde
Ressursar	Økonomisk handlefridom	R1: God økonomistyring  R2: Realistiske budsjett  R3: Høg produktivitet	R1: Tertiäraportering  R2: Tertiäraportering/årsmelding  R3: KOSTRA-tal/- relevant reknesaksinformasjon	R1: Avvik iht budsjett  R2: Melde avvik ved tertialrapport  R3: Einingskostnad	R1: 0  R2: 0  R3: 5% lågare enn kommunegruppe 2* - varierande etter tenesteområde
Organisasjon	Ein effektiv og kompetent organisasjon	O1: God arbeidsmiljø  O2: Tydeleg leiing  O3: Kompetente medarbeidrarar	O1.1: Medarbeidarundersøking  O1.2: Statistikk - sjukefravære  O1.3: Statistikk - personal  O2.1: Medarbeidarundersøking - leiing  O2.2: Statistikk - tal medarbeidarsamtalar  O3: Statistikk - personal	O1.1: Kor nøgne medarbeidaranar er  O1.2: Sjukefravære %  O1.3.1: Tal som sluttar i kommunen  O1.3.2: Høvesvis AFP uttak  O2.1: Kor nøgne medarbeidaranar er  O2.2: Tal medarbeidarsamtalar  O3: Andel med fagutdanning	O1.1: Betre enn landsgjennomsnitt  O1.2: Reduksjon 15% frå 1.1.2010  O1.3.1: Varierande etter tenesteområde  O1.3.2: 10% reduksjon i AFP-uttak iht 2010  O2.1: Skår 4,5 på nærmeste leiar, 4,0 på overordna  O2.2: 100% har fått tilbod om MAS - gjennomføring varierande etter tenestområde  O3: 5% auke iht 2010 innan 2012

Fokusområdet lokalsamfunn er tema for overordna leiing

Mål, suksesfaktorar, målemetode og måleindikator er utarbeidd på overordna nivå

Einingane arbeider ut ambisjonsnivå i samråd med rådmann.

#### \* Kommunegruppe 2

Kommunegruppe 2 er små kommunar, dvs under 5.000 innbyggjarar, med middels bundne kostnader og middels frie inntekter pr innbyggjar. Gruppa består av totalt 66 kommunar i heile landet. I Hordaland er dette Sveio, Ullensvang, Fusa, Samnanger, Austevoll, Vaksdal, Radøy og Austrheim.

### 2.2. Alternative strategiar for utvikling i kommunen

Det ligg føre fire realistiske alternativ for utvikling av folketaket i Radøy kommune; nedgang, stabilt, vekst og sterk vekst.

Med vekst meiner vi auke i folketal, som igjen genererer aktivitet både i privat og offentleg verksemd, næringsliv og tenesteproduksjon.

#### Alternativ 1 nedgang

Slik utviklinga i folketal og økonomi har vore til no, er dette alternativet lite sannsynleg.

#### Alternativ 2 stabilitet

Stabilitet er ei sannsynleg, men ikkje ynskja framtid. Radøy kommune har potensiale for å få fleire innbyggjarar og meir aktivitet.

#### Alternativ 3 vekst

Folketalet i kommunen har auka dei siste åra. Radøy grenser mot Lindås kommune i sør og dette er vårt nærmaste område til tettstaden Knarvik og til Bergen. Desse områda har i dag ein arbeidsmarknad og tenester som kommunen sjølv ikkje kan by på. Høg aktivitet i Nordhordland påverker situasjonen òg i Radøy. I kommunedelplan for Radøy sør er det lagt inn betydelege areal for ny bustadbygging og område til næringsføremål. Dette skal ein sjå i samanheng med resten av kommunen.

Kommunen ynskjer vekst og auke i tal innbyggjarar for å sikre ei berekraftig utvikling. Veksten bør vera på nivå med landet generelt. Difor ynskjer ein å leggje til rette for nye bustader i alle bygdelag, gjerne i nærleik til skule, barnehage og andre tenestetilbod. Samstundes er det eit ynskje at fleire kan ha arbeidsplassen nær heimstaden sin.

#### **Alternativ 4 sterk vekst**

Det er ikkje realistisk at ein får sterk vekst i Radøy kommune i planperioden for denne kommunepalanen. Sterk vekst er heller ikkje eit alternativ ein aktivt ynskjer i kommunen. Det fører til store utfordringar med auka press på offentleg testeproduksjon og oppgradering av kommunal infrastruktur.

#### **2.3 Verknader av planen for rørte partar, interesser og omsyn**

Arealdelen i kommunepalanen legg opp til utviding av byggjeområde for heilårsbustader, fritidsbustader og næringssareal. Konsekvensvurderingane syner kva omsyn som er tekne i kvart einskild nytt område som har fått endra arealføremål. Overordna er det tenkt at ein skal byggje opp under eksisterande infrastruktur og at ein skal ta omsyn til landskapet.

Radøy kommune skal ha ei berekraftig utvikling og samfunnet skal organiserast slik at det byggjer opp under tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle. Folkehelsearbeidet og førebyggingsperspektivet vil verta viktig i all kommunal planlegging. Kommunal samordning og tverretatleg arbeid innanfor dette arbeidet skal prioriterast.

Ei målsetjing er at bygdene skal styrkast med mindre bustadfelt, klyngjetun eller opning for spreidd utbygging. Det er ei utfordring å ha den ønska styringa over arealbruken i grendene, samstundes som ein ønskjer å tilby attraktive bustader for å skape bulyst og hindre fråflytting.

Område for spreidd busetnad er eit veleigna arealpolitiske verkemiddel som gjev naudsynt fleksibilitet. Samstundes er regulerte bustadområde òg ønskjeleg i grendene, for å kunne gje eit tilbod til dei som ikkje har moglegheit til å få delt frå ein tomt frå ein familieeigedom eller frå andre. Erfaringa frå gjeldande arealdel av kommunepalanen, der det er lagt ut fleire område for spreidd bustadbygging, er at lokaliseringa ikkje alltid har vore rett, då utbygginga gjerne har skjedd andre stader gjennom dispensasjon.



# 3. Naturgrunnlag, busetnad og folketal

## 3.1. Naturgeografi

Radøy kommune ligg sentralt i Nordhordland, om lag 40 km nord for Bergen. Kommunen har eit mildt kystklima med mykje vind og nedbør. Kommunen har eit landareal på 110 km<sup>2</sup>, men har også eit stort sjøareal innanfor kommunegrensa. Kommunen har brusamband til Bergen i sør via Lindås og Meland, og til Austrheim i nord. Kommunen har 269 små og store øyar. Dette gjev eit stort ansvar i høve til forvaltning av kystsone og strandsone, og det er her moga med ei langsigkt verdiskaping knytt til det marine miljø. Her må bruk og vern balanserast godt.

## 3.2. Arealressursar

I samband med rullering av kommuneplanen har det vorte gjort eit stort arbeid for å synleggjere at Radøy har mange kvalitetar og naturressursar. Jordbruksområdet har vore og vil vera viktig for kommunen, både som produksjonsareal og som verdifullt kulturlandskap, for å sikra busetnad og sysselsetting i heile kommunen.

Både fiskeri og havbruksnæring pregar Radøy. Strandsona og områda på sjøen er i dag under press, og det er fleire interesser som skal takast omsyn til. Havbruksanlegg, lokale yrkesfiskarar, turistfiskarar og eit dels sesongavhengig bruk av fritidsbåtar nyttar sjøen mykje. Radøy har også eit press på dei nære strandarealet, i hovudsak knytt til bygging av fritidsbustader og naust. Radøy ynskjer å prioritere nokre område i kommunen til busetjing. Dette er i dei eksisterande bygdesentra, men også i område som har ein slik karakter at dei eignar seg til fortetting.

Landbruksområdet har lagt premissane for store deler av arealforvaltninga i Radøy kommune. Deler av kommunen må oppfattast som område der det er press på landbruksarealet. Det er aukande etterspurnad etter regulerte bustadområde, i tillegg til spreidd busetjing i LNF-områda. Ein har vidare eit sterkt og aukande press på dei nære strandarealet i hovudsak knytt til bygging av fritidsbustader og naust. Dette vert og synleggjort i arealdelen av planen.

Kommunen si registrering og prioritering av jord-, skog- og kulturlandskapsområde er med på å gjera desse arealet synlege. I kommuneplanen er det lagt inn kjerneområde for landbruk. Det finst enno unytta ressursar i form av dyrkjingsjord og skoggreisingsområde. Ein har som målsetting å frigje noko av jordbruksarealet til utvikling og styrking av lokale tettstader.

## 3.3. Busetnad og folketal

Radøy kommune har per 01.01.2011 4 895 innbyggjarar. Dei siste 20 åra har det vore meir eller mindre vekst kvart år, med ein viss tilbakegang i 2005 og 2006, men sterkare auke i 2008. Gjennomsnittleg vekst i 20-årsperioden har vore ca 0,3%. Diagrammet syner utviklinga

SSB har analysert folketalsutviklinga, og har laga fleire folketalsframskrivningar fram til 2030. Det finst ulike model-


lar for korleis utviklinga kan bli, og SSB opererer med høg, middels eller låg vekst. I tabellform ser utviklinga slik ut:

	2015	2020	2025	2030
Høg vekst	5 025	5 269	5 530	5 778
Middels vekst	4 981	5 148	5 332	5 493
Låg vekst	4 926	5 064	5 158	5 224

Høg vekst svarar til ca 0,9% årleg, middels ca 0,7% årleg og låg vekst 0,3-0,5% vekst. Legg ein til grunn faktisk utvikling dei siste 20 åra, er låg vekst mest sannsynleg, men ser ein på dei siste 3-5 åra, er middels vekst mest sannsynleg.

Det er aldersgruppa 16-66 som har hatt den største veksten dei siste åra. Aldersgruppa 0-5 er nærmest uendra, medan aldersgruppa 80-90 har gått monaleg tilbake. Diagrammet syner endringa dei siste fire åra.

### Folketalsutvikling




I utgangspunktet er det gunstig med vekst i aldersgruppa 16-66, då dette er personar i arbeidsfør alder, som skal tilføra aktivitet og skatteinngang til kommunen. Trass i dette er Radøy kommune blant kommunane i Hordaland som har svakast skatteinngang pr person, og denne posisjonen har endra seg lite dei siste åra.

### Kommunesenteret og tettstaden Manger

For å oppnå målsetjingane om Manger som eit vakkert og funksjonelt kommunesenter, er det naudsynt å leggje til rette for vidare utvikling med rom for framtidia sitt teneste-tilbod. Ut frå transportbruk, vern av kulturlandskapsareal og omsyn til visuelt miljø og identitet, er det ønskeleg at tettstadssenteret veks gjennom utviding, konsentrasiøn og fortetting.

For å oppnå målsetjingane om eit kommunesenter som ein levande tettstad med særdrag, krevst tilgang på nye bustadområde. Bustadområda er tenkt som utviding av eksisterande areal slik at bustadene vert ein del av tettstaden med enkle og naturlege samband til tilboda i Manger sentrum.

## Endring i folketal pr aldersgruppe



Ut i frå ei målsetjing om Manger som ein grøn tettstad er nye bustadområde i hovudsak lagt vest for tettstadsen-teret, medan det beste landbruksarealet nord og aust for tettstaden kan haldast i hevd for framtida. Det er lagt vekt på grøne korridorar og lett tilgjenge til friluftsområde.



## 4. Miljø

### 4.1. Miljøvern

Målet framover er å ta vare på og få ei positiv utvikling i dei større, samanhengande, urørte natur- og friluftsområde og i landbruksområda. Desse områda skal vera ein berekraftig ressurs for framtidige generasjonar sin bruk og for det biologiske mangfaldet her.

Strandsona langs sjø og vassdrag må takast vare på for ålmenta og elles brukast på ein berekraftig måte til glede for lokalsamfunnet og til nytte for det biologiske mangfaldet.

Intensjonen i kommuneplanen sin arealdel og i klima- og energiplanen må følgjast opp.

Mål	Tiltak/handling
Radøy skal ha eit berekraftig samfunn som tek vare på folk, klimaet og det biologiske mangfaldet (plantar og dyr).	Klimaplanen godkjent i 2010 skal følgjast opp i praktisk handling og vera førande for arbeidet.
Utvikla lokalsamfunna i heile kommunen.	Gjennomføre ein god areal-, skule- og bustadpolitikk i bygdene våre Stimulera til bruk av kollektiv transport og til trygge gang- og sykkelvegar.
Ha eit aktivt folkehelsearbeid. Flest mogeleg i Radøy skal ha fysisk aktivitet som ein naturleg og positiv del av livet i kvardagen sin.	Arbeide for gode tur- og gangvegar i nærområda der folk bur. Få flest mogeleg til å nytte og bruke naturen i friluftslivsamanheng. Gode merka stiar. Ta vare på og utvikla idrettsanlegg, leikeområde og friområda i kommunen jfr. kommunal plan for idrett, friluftsliv og nærmiljø.

### 4.2. Vern mot ureining

Gode løysningar som tek omsyn til både miljø og klima skal vera overordna i all planlegging og handling. Vassforskrifta skal vera med og styra forvaltinga og utsleppa til vassdraga og fjordane våre.

Vassdraga og sjøområda i kommunen skal ha ein vasskvalitet som gjev livsgrunnlag for biologisk mangfold, rekreasjon, bruk og produksjon. Ein må overvaka vasskvaliteten i dei vassdraga i Radøy ein veit har därlege tilhøve i dag. Å få tilbake naturtilstanden i vassdraga og fjordane våre er eit overordna mål.

Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg, vedteke 01.09.2010 skal vera førande for alle utsleppsaker. Radøy kommune er med i det interkommunalt oljevern-samarbeidet IUA Bergen region. Den lokale beredskapen er det brannvernet som har ansvaret for.


Mål	Tiltak/handling
Redusera og hindre vassforureining og næringstilsig til vassdraga våre. Innbyggjarane i Radøy kommune skal ha god kunnskap om vasskvaliteten i vatn- og vassdrag og kva som må gjerast for å betre denne. Kunnskapen om korleis me får eit betre vassmiljø må aukast hjå alle. Radøy kommune skal arbeida for å få tilbake naturtilstanden i våre vassdrag og sjøområde.	Avrenning frå hushaldningar og landbruk m.m. til vatn og sjø må reduserast gjennom miljø- og planarbeid. Sanering av gamle avløp må prioriterast. Minireseanlegg og tett leidning til sjø (eventuelt med renseanlegg der det er mogeleg) må gjennomførast der recipientane er därlege og problema med blågrønalgar er store. Radøy kommune skal aktiv informere om tilstanden i våre vassdrag og ha ei overvakning som folk kan vera trygge på.
Den store skipstrafikken kring Radøy må føra til positive ringverknadar for regionen. Den må ikkje føra til ureining som kan skade miljø, fiskeri, havbruk og anna næring.	Radøy kommune må gjennom nettverket sitt arbeida for å få best mogeleg beredskap i regionen mot ulukker og ureining frå skipstrafikk og oljeindustri.

## 5. Næringsutvikling

Radøy kommune er del av ein større regional arbeidsmarknad med Mongstad og Knarvik som sentrale område, med mange arbeidsplassar. Mange har også arbeidsplassen sin i Bergen. I Radøy kommune er det mange offentlege arbeidsplassar. Elles er det mange sysselsette innan handel/service/kontor i Manger sentrum og i industriverksemder og innan fiskeforedling.

Delen av utpendlarar har vore svakt aukande frå 2000, som diagrammet syner.


**Inn- og utpendling**



I 2009 hadde kommunen 2458 sysselsette personar busette i kommunen. Av desse hadde 1225 arbeidstaden sin i kommunen, medan 1233 pendla ut av kommunen. Dette gir ei utpendling på ca 50 %.

Delen av sysselsette personar busette i kommunen har svinga noko dei siste åra, slik diagrammet syner.

**Del sysselsette av samla folketal**



Radøy kommune er ein del av bergensområdet, og burde såleis kunna trekka til seg personar med initiativ og pågangsmot – gjerne med høgare utdanning, som kan stå for meir nyskapning av arbeidsplassar. Desse kan gjerne «bringa med seg» sin eigen arbeidsplass og/eller bidra til tilrettelegging for næringsutvikling t.d. innan kultur, natur/friluftsliv, reiseliv.

Kommunen må også bidra til tilrettelegging av meir næringsareal slik at verksemder kan finna interessante næringsområde i rimeleg avstand til Knarvik og Bergen. I Kommunedelplan for Radøy sør er det difor lagt opp til utviding av industriområda på Olsvollstranda og i Storsandvik. I det vidare planarbeidet må kommunen også få til ei utviding av industri-/næringsområde på Manger og få avsett næringsområde langs den nye vegen over Radøy.

Manger senter bør byggjast vidare ut, om ein skal halda oppe og vidareutvikla eit godt servicetilbod. Her er ein avhengig av private interessentar med kapital. Dette vil kunna bidra til å redusert den store handelslekkasjen Radøy har til nabokommunane.

I skulen må det leggjast til rette for entreprenørskap der elevane kan få idéar til satsing seinare i livet og vonleg vera med å skapa sine eigne arbeidsplassar.

Kommunen må ha ei positiv haldning til alle initiativ og leggja til rette for nye og eksisterande utøvarar i det lokale næringslivet. Eksisterande verksemder og nye etablerarar må kjenna seg ivaretakne, og kommunen må yta rask og god service. Det er viktig med god samhandling mellom ordførar, rådmann og plan-/byggesaksavdeling. For alle aktuelle grupper må ein ha god oversikt og lett tilgjengeleg informasjon om dei ulike verkemidla og støtteordningane som finst. Det er viktig å halda god kontakt med Radøy næringsråd og halda fram med dei årlege møta med næringslivet.

Det bør årleg setjast av midlar til næringsføremål i budsjettet. Midlane bør primært brukast til infrastrukturtiltak og utvikling av næringsområde.

Radøy bør verta meir synleg både som bustadkommune, reiselivskommune og som kommune med mange arbeidsplassar.

Mål	Tiltak/handling
Radøy kommune skal stimulere og leggja tilhøva til rette for ei positiv og allsidig næringsutvikling basert på lokale ressurser og naturgjevne tilhøve.	Setje av areal til industri og næring i kommunale arealplanar. Årlege budsjettmidlar til infrastruktur og utvikling av næringsområde. God og lett tilgjengeleg informasjon om ulike verkemiddel/støtteordningar. Legge til rette for entreprenørskap i skulen. Årlege møte med næringslivet.

## 5.1. Jordbruk

Landbruket på Radøy har lange tradisjonar, og har vore ei viktig næring for å nå samfunnsmål som stabil busetnad, trygg matvareproduksjon og ivaretaking av kulturlandskapet.

Radøy er den nest største jordbrukskommunen i Nordhordland. Om lag halvparten av bruken har under 100 da, medan berre 22 bruk har meir enn 200 dekar jordbruksareal i drift. Frå år 2000 med 228 driftseiningar har det vore stor nedgang, og i 2010 var det 155 som fekk produksjonstilskot. Aktiviteten i jordbruket sytte for om lag 25 mill. kr i overføringer til kommunen i statlege midlar kvart år. Målet er å halde oppe driftsnivået for jordbruket i planperioden og stimulera til nyskaping og utvikling i næringa, som igjen gir skatteinntekter til kommunen. Det er skipa interkommunalt landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy.

Dette er med på å styrke fagkompetansen for landbruket. Viktige mål i planperioden er å sikra jordbruks- og kulturlandskapsareala i kommunen, og å handheva bu- og driveplikta.

Kommunen må arbeida for at ungdom som vil satsa på landbruket, skal få hjelp til å realisera dette, mellom anna gjennom bruk av praktikantordninga og tilrettelegging av praksisplassar i landbruket. Det er også viktig å leggja vekt på å tryggja eksisterande arbeidsplassar i næringa. Målet er å halda Radøy som «Den grøne øya» framover.

Mål	Tiltak/handling
Leggja tilhøva til rette for å oppretthalde bruksstrukturen.	Gjennomføre praktisering av bu- og driveplikta. I lag med Fylkesmannen i Hordaland, vurdere alternative modellar for forvalting av landbrukseigedomane.
Leggja tilhøva til rette for å utvikle bruken gjennom å styrkja driftsgrunnlaget med attåtnæringer.	Attåtnæringer som inn på tunet, foredling av råvarene til kortreist mat, småskala reiseliv, opplevelingsturisme, sykkelturisme mm.
Stimulera til auka samarbeid mellom gardane for å få ned kostnadane på kvar brukseining, få utveksling av røynsle og ein meir sosial kvardag.	Gjennom tilskotsordningar som SMIL og RMP stimulere til at kulturlandskapet og bulysta vert teke vare på.
Utarbeide ein plan for landbruket i løpet av planperioden.	Gjennom bygdevise folkemøte bidra til å utarbeide landbruksplan, og auke forståinga for viktigheta av samanhengande landbrukslandskap.

## 5.2. Natur- og skogbruk

Radøy skal ha eit aktivt natur- og skogbruk som nyttar vilt-, tømmer- og vedressursane på ein berekraftig måte. Ein skal stella og bruke skogsområda slik at både grunneigarar og andre brukarar har glede av dei. Skogskjøtselen skal stimulera miljø, klima, trivsel og økonomi. Store mengder skog skal takast ut i åra framover, noko kommunen bu seg på. Det å få bygd skogsvegar er viktig for ei lønsam, miljømessig og rasjonell skogsdrift. Skogsvegar kan også brukast som turvegar og bidra til folkehelsa.

Viltressursane, både når det gjeld hjort og andre viltarter, må forvaltast optimalt og berekraftig. Når det gjeld hjortestamma, må den haldast på eit slikt nivå at ikkje skadar på eng og skog vert for store. Målet må vera at flest mogleg skal ha glede av hjorten, og at alle ser på den som ein positiv ressurs. Areala på Radøy må forvaltast og brukast slik at viltet vårt har gode leveområde.

Mål	Tiltak/handling
Auka uttak av skogressursar Fleire og betre skogsvegar Følgja nøye med utviklinga i hjortestamma God arealforvaltning	Bygging av skogsvegar der ein har trong for det i eit moderne skogbruk. Ta i bruk statlege tilskotsordningar Halda fram med vårteljing av hjort. God kontakt med grunneigarar og jegarar. Halda fram med årlege temamøte om vilt, biologi, natur og miljø. Halda fram med eige underutval for vilt og innlandsfiske. Leggja vekt på skogbruk, natur og vilt i arealforvaltninga.



### **5.3. Fiskeri, akvakultur og marin vidareforedling**

Arealdelen i sjøen må nyttast konstruktivt for alle brukargrupper i planperioden. Radøy kommune må arbeida aktivt for å sikra havbruksnæringa og fiskeri gode vilkår. Radøy må støtta utviklinga av dei viktige, marine foredlingsverksemndene i kommunen.

Radøy kommune skal utvikla og stimulera til auka verdiskaping av dei marine ressursane i sjøområda våre på ein måte som er positiv for miljøet, friluftslivet og næringsutøvarar. Radøy skal ha ei balansert arealforvaltning som tek omsyn til alle dei ulike brukarinteressene av sjøområde våre.

Å auke talet på lokale arbeidsplassar innan havbruk, fiskeri og turistfiske er eit viktig mål. Mest mogleg av verdiskapinga i sjøen skal koma lokalsamfunnet og kommunen til gode. Vidareforedling av produkta frå sjøen må i størst mogleg grad skje i regionen vår.

Mål	Tiltak/handling
Sikra gode lokalitetar for lakseoppdrett. Stimulera til at også ungdom satsar på havbruk, fiskeri og utvikling av fisketurisme og overnatting	Gjennom kurs/etableringstipend vil Radøy kommune stimulere til verdiskaping, og til utvikling av fleire og nye arbeidsplassar innan fiskeri, havbruk, turistfiske og vidareforedling av dei marine ressursane.
Forvaltinga skal ha god kunnskap om kva sjøområda våre har av naturressursar.	Kartleggja det marine mangfaldet i sjøen kring Radøy



## 6. Tenester innan helse og omsorg

Folkehelse og livskvalitet oppstår på bakgrunn av levekår og livsstil. Derfor må førebygging og folkehelsearbeid skje på tvers av alle sektorar og forvaltningsnivå. Radøy kommune vil i si organisering sørge for å leggje til rette for utforming av dette arbeidet og at tiltaka som følgjer har dokumentert effekt.

Samhandlingsreforma vil utvide kommunen sitt ansvar på helseområdet. Det førebyggjande arbeidet skal styrkast, og oppgåver skal flyttast frå spesialisthelsetenesta til kommunen. Nytt lovverk gjeldande frå 01.01.2012 skal tydeleggjere kommunen sitt ansvar for å styrke folkehelsa.

Radøy kommune skal arbeide fram ein konkret strategi for å nå nasjonale mål om betre folkehelse. Kommunen er med i eit regionalt samarbeid som skal vurdere lærings- og meistringstilbod i Nordhordland. Dette vil saman med regional helse-omsorgsplan vere eit viktig arbeid for Radøy kommune sitt vidare arbeid med folkehelse i tråd med nasjonale føringar og i samarbeid med aktuelle organisjonar og avdelingar. Det vil tidleg i perioden 2011-2015 bli utarbeida ein konkret strategi for folkehelse i kommunen.

Viktige hovudpunkt:

- den overordna målsettinga er å redusere sosiale helsekilnader; befolkninga skal ha eit likeverdig tilbod om tenester
- det skal satsast på helsefremjande og førebyggjande arbeid
- ein auka del av tenestene skal utførast av kommunen, spesialisthelsetenesta skal spesialiserast ytterlegare
- kommunen skal ha eit «sørgje-for-ansvar» for tenestene. Betre fordeling av oppgåver og ansvar skal sikre brukar kontinuitet og «saumlause tenester»

I planperioden vil vi møte ulike utfordringar:

- sosiale helsekilnader knytt til kjønn, minoritet og sosial bakgrunn
- høgare levealder og fleire eldre
- auke i livsstilssjukdomar og kroniske sjukdomar
- auke i tal innbyggjarar med demens
- behov for førebyggjande tiltak, som verkar
- ei halvering av arbeidskrafta innan 10 år
- manglande rekruttering i høve behov
- brukar sitt auka behov for koordinerte og samanhengande tenester
- økonomi til å oppretthalde og utvikle naudsynne tenester
- nok kapasitet innan dei lovpålagte helse- og omsorgstenestene

Mål	Tiltak/handling
God ressursforvaltning	Kartlegging av behova i planperioden Utarbeide delplanar med tiltakskort for m.a <ul style="list-style-type: none"> <li>• smittevern</li> <li>• habilitering/rehabilitering</li> <li>• oppvekst og folkehelse</li> <li>• helse og omsorg</li> <li>• legetenester</li> </ul> Forskningsbasert prioritering av tenester, ut frå kva som gir effekt
Reduksjon i sosiale helsekilnader gjennom inkludering og likeverdig tilgang til helse-, omsorgs- og velferdstenester Ein meiningsfylt kvardag for alle	Ha fokus på utjamning av skilnadane i organisering og tilrettelegging av tenestene Tidleg intervenering i familiar med behov for hjelp Arbeide for å redusere tal av personar som har trøng for sosialhjelp gjennom mellom anna kvalifiseringsprogrammet til NAV. Utvikle aktivitetstilbod for alle aldersgrupper Leggje til rette for livsmestring
Heilskaplege og koordinerte tenester for brukarane Auka livskvalitet for kronikarane	Delta i arbeidet med utvikling av tiltak på tvers av kommunane. Styrking av kommunale helse- og omsorgstenester Delta i tett samarbeid med spesialisthelsetenesta Forpliktande samarbeidsavtalar og avtalte behandlingsforløp
Ha tilstrekkeleg personell i høve behova i planperioden Høg grad av breddekompetanse	Målretta arbeid med å vidareutvikle konkurransedyktige tiltak i høve kompetanseheving, rekruttering og halde på arbeidstakarane, setje av tilstrekkeleg med ressursar til dette arbeidet Ivareta brukarmedverknad i alt utviklings- og endringsarbeid Vidareutvikle samarbeidet med frivillige organisasjonar

## 7. Oppvekst og læring

### 7.1. Barnehage og skule – grunnleggjande tilhøve

Radøy kommune sitt barnesyn ligg til grunn for alt arbeid med born og unge, og er forpliktande for alle som er tilsette i kommunen. Vårt barnesyn er:

- Alle barn har rett til omsorg og trygg oppvekst
- Barndom og ungdom har eigenverdi; det er ikkje berre steg mot vaksen alder
- Born sine oppvekstvilkår er viktige for alle deler av befolkninga
- Læring og utvikling krev eigeninnsats.

Radøy kommune har eit godt utbygd skule-, SFO- og barnehagetilbod. Kommunen er delt i fire barneskulekrinsar, men ein communal barnehage .

**Sæbø krins** har fulldelt barneskule, og barnehage med 56–60 plassar med heildagstilbod til born mellom eitt og seks år. Sæbø skule og Sæbø barnehage er lokalisert nær kvarandre, i Austmarka bustadfelt.

**Manger krins** har fulldelt barneskule, og barnehage med 85–90 plassar med heildagstilbod til barn mellom eitt og seks år. Manger skule og Prestmarka barnehage er plassert i Manger sentrum. Prestmarka har også ein avdeling på Dale.

**Hordabø krins** har barneskule som har vore fulldelt, men som vart seksdelt skuleåret 2004/05. Skulen kan bli fulldelt igjen frå 2011. Hordabø skule ligg sentralt plassert på Bø. Like ved ligg Bø barnehage med 45–51 plassar med heildagstilbod til barn mellom eitt og seks år. Bustadfeltet på Bø ligg like ved skulen og barnehagen.

**Austebrygd krins** har firedele barneskule, og barnehage med 20–24 plassar med heildagstilbod til born mellom eitt og seks år. Austebrygd skule og Austebrygd barnehage er lokalisert i same bygg. Talet på plassar i barnehagane varierer etter fordelinga av små og store born.

Hordabø og Austebrygd skule har 10 månader skulefritidsordning. På Sæbø og Manger er det SFO-tilbod i 11 månader.

**Radøy ungdomsskule** er felles for heile kommunen, og ligg sentralt på Manger.

### Musikk og kulturskulen

Radøy musikk- og kulturskule var oppretta i 1979, som ein av dei første kulturskulane i Nordhordland. I dag er det om lag 160 born og unge som får undervisning, anten aleine eller i grupper, innan song, på eit instrument, eller innan kunst. Skulen er desentralisert, og har undervisning i tre krinsar. Musikk- og kulturskulen sel òg timar til skulekorps.

Musikk- og kulturskulen skal vere med og utvikle born og unge sine uttrykk og kreative evner og bidra til eleven si meistring og til spele- og skaparglede. Kvar av elevane skal få følgje si eiga utviklingslinje, og opplæringa skal tilpassast den einskilde sine evner.

Mål	Tiltak/handling
Halda oppe full barnehagedekning, og tilpassa kapasiteten til endringar i statlege vedtak i familiepolitikken, og til endringar i radværingane sin trøng for barnehagetilbod.	Utarbeida ein ny barnehageplan, basert på gjeldande nasjonal barnehagepolitikk, med dei konsekvensar vi ser den har for etterspurnaden av plassar (omfang/innretting), og justert for dei demografiske endringane vi kan sjå koma i Radøy.
Halda på dagens skulestruktur, slik at alle barn får høve til å høyra til i eit fellesskap i skule, barnehage og fritid.	Utvikla tenester for barn og unge som har deira totale situasjon for auga, og som set dei i stand til å møte dei krav som vert stilte i dagens samfunn. I samarbeid med føresette leggja til rette for at barn og unge når mål ved eigen innsats.
Halda fram med å utvikla kulturskule og SFO – tilbodet i Radøy.	Utvikla tilboda i tråd med brukarane sine ønskjer innanfor dei økonomiske rammene kommunen har..
Kanalisera ressursane slik at alle får eit likeverdig tilbod.	Gjennom arbeidet med balansert målstyring, og brukar- og medarbeidarundersøkingar vil ein søkja å sikra kvaliteten på tenestene. Arbeide for å utvikle alternative læringsarenaer for elevar som på ulike vis har trøng for ekstra oppfølging

## Kvalitetssystem for skuleutvikling

Radøy kommune er i ferd med å lage eit kvalitetssystem for skuleutvikling, basert på prinsippet for lærande organisjonar og implementert i systemiske og langsiktige prosesser. Prosessane skal vere slik organiserte at dei drar nytte av relevant, tverretatleg kompetanse som kommunen rår over. Grunnlaget for utviklingsarbeidet skal vere

- tilgjengeleg ny forsking på kva som gir læring, meistring og redusert utdropping i vidaregåande skular
- ståstadsanalysar og organisasjonsanalysar (utvikla av Udir) for kvar av skulane (desse inkluderer m.a. elev-, foreldre- og tilsetteundersøkingar)
- tilstandsrapport for skulen generelt (utvikla av Udir)
- resultat - målt gjennom nasjonale prøvar, grunnskulepoeng og eksamen



Kvalitetssystemet skal ivareta borna sitt utviklingspotensiale over heile linja frå 0-16 år, og knyte til seg kompetanse frå etatane innafor oppvekst og helse. Hovudfokus vert tidleg meistring - at borna meistrar og oppnår sterke og gode sjølvbilete, og at dei vaksne rundt borna får kunnskap om korleis dei best mogeleg kan bidra til dette.

Måla er:

- å skape betre læringsresultat og personleg meistring for alle borna
- å redusere omfanget av spesialundervisning ved å for edle lesedugleik og meistringskjensle gjennom heile skuleløpet.
- å redusere omfanget av barnevernstiltak ved å avdek ke behov for støtte og hjelp tidleg i borna sine liv
- å få bort utdropping i vidaregåande skule ved å hindre at barn eller unge vert vert gående over tid utan å meistre



Systemet skal vere klart innan april 2011, og det systemiske arbeidet i heile oppvekstsektoren er sett i gong tidleg i 2011. Systemet skal ha ei årleg evaluering.



## 8. Kultur

Radøy kommune har eit rikt kulturliv, med mange aktive eldsjeler, lag og organisasjonar. Det er kyrkje og idrettsanlegg i kvar skulekrins, og lagshus i mange bygder. Radøy kommune driv musikk- og kulturskule, bibliotek og frivilligentral. Kommunen eig og driftar Radøyhallen med idretts-hall, skytebane og to symjebasseng. Etter planen skal det i 2011 også byggjast møteplass for ungdom i tilknyting til Radøyhallen.

Det finst ei rekke kulturminne over heile kommunen, der Bogatunet og Syltastova er blant dei best kjende. Det er også fleire museum og samlingar i kommunen. Her må ein spesielt nemna Vestnorsk utvandringssenter, som er ein konsolidert del av Museumssenteret i Hordaland. Radøy Kunst Senter er ei stifting og eit senter for formidling av samtidskunst. Det er utarbeidd ein eigen utviklingsplan for kunstsenteret, som er vedteken i kommunestyret.

Radøy kommune vedtok våren 2011 ein kulturplan for Radøy for perioden 2011-2020. Planen formulerer åtte overordna målsetjingar som ein vil ha som ei rettesnor for alt kulturarbeid i planperioden. Kulturplanen inneheld vidare 73 delmålsetjingar og meir enn 200 tidfesta tiltak, som er verkemiddel for å nå dei overordna målsetjingane. Planen

skal på denne måten fungera som eit strategisk verkty for kulturarbeidet i Radøy kommune.

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er styringsreiskap for utbygginga av alle idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv i planperioden (2008-2011). Planen skal rullerast i 2011.

### Kulturminnevern

Radøy kommune skal i neste planperiode laga ein kulturminneplan. Den skal gje oss status på kva kulturminne vi har i kommunen vår og tilstanden på desse. Gjennom ein kulturminneplan skal vi få ein oversikt over kva verdifulle kulturminne vi har i Radøy, og kva tiltak som skal setjast i verk for å ta vare på desse. Dette må gjerast i eit nært samspel med eigarar, lokale lag og andre offentlege instansar. Kulturminnemiljø som Mangersvågen, Bogatunet og krigshistoria på Marøy/Forsøy vil vera viktige satsingsområde framover pedagogisk og i restaureringssamanhang.

Mål	Tiltak/handling
Radøy kommune skal vera ein føregangskommune innanforkulturvern.	Laga ein kulturminneplan som gjev ei oversikt over dei faste kulturminna i kommunen, og sikrar at dei vert teke hand om på rett måte. Arbeida for at dei viktigaste kulturminna er i god stand. Arbeida for at verdifulle, lause kulturminne vert oppbevarte på ein sikker måte. Støtta opp om tiltak som dokumenterer den immaterielle kulturarven.
Radøy kommune skal ha eit allsidig og inkluderande kulturliv.	Støtta opp om lag og organisasjonar, og bidra til at dei har økonomi og kompetanse til å halde oppe aktiviteten. Arbeida for at fleire kulturygg vert universelt utforma. Leggja til rette for at innbyggjarane jamleg får tilbod om konserter og andre sceneframsyningar av høg kvalitet. Arbeida for at det finst tilbod som omfattar flest mogleg, uansett alder, helse, livssituasjon og bakgrunn.
Kulturtilbodet skal fremja fysisk aktivitet.	Det skal vera tilrettelagde og merka turløyper i alle delar av kommunen. Støtta opp om idrettsanlegg i privat eiga. Kommunen sine idrettsanlegg og -hallar skal vera i god stand, og ha god tilgjenge.



## 9. Kyrkja

Radøy sokneråd står for drift og investeringar i kyrkjer og gravplassar, finansiert ved årlege, kommunale løyvingar. Radøy kommune vil arbeide for eit godt samarbeid med Radyø sokn om utvikling av tenestene.

I kommunen finst det tre kyrkjer i offentleg eige – Hordabø, Manger og Sæbø. I tillegg kjem Emigrantkyrkja på Sletta, som er ein del av Vestnorsk utvandringssenter under Museumssenteret i Hordaland. Dei siste åra har både Manger og Sæbø kyrkjer fått mindre tilbygg/utbetringar slik at kyrkjene no har fått tilfredsstillande toalettloysingar og er betre tilrettelagt for funksjonshemma. I Sæbø kyrkje er det bygt nytt dåpsakristi og kjøkken, og nye stolar har erstatta dei gamle benkane. Kyrkja har også fått betre isolering og det er installert varmepumper. Det vert arbeidd med planar for betre inneklima og meir effektiv energibruk i Hordabø og Manger kyrkjer. Det er viktig at ein snarast får skifta ut oljefyrane i desse to kyrkjene med meir miljøvenlege alternativ.

Det er fem gravplassar i kommunen – Bauten (Rikstad), Hordabø, Manger, Sletta og Sæbø.

Kyrkjegardane har vorte utvida litt etter kvart opp gjennom åra, og det er ikkje planar om utvidingar dei nærmaste åra. Det er trond for eit mindre lagerbygg til kyrkjegardane både i Hordabø og i Sæbø.

Parkeringsplassane ved kyrkjene er i minste laget når det er mykje folk til stades i kyrkjene. På Sæbø vert det lagt opp til ei større og betre parkeringsløysing når det gamle kommunehuset vert rive i 2011.

Kommunen gjev tilskot til andre livssynssamfunn i samsvar med Lov om tilskot til livssyns-samfunn. I 2010 mottok 27 ulike samfunn tilskot frå Radøy kommune.

Av det samla innbyggjartalet viser tala for 2010 at 86% er medlemer i Den norske kyrkja, 4,8% i andre samfunn og 9% utan registrert tilknyting.

Mål	Tiltak/handling
Betra parkeringstilhøva ved kyrkjene	Utvida parkeringsplassen ved Sæbø kyrkje ved å riva det gamle kommunehuset
Få tilfredsstillande lagerplass ved kyrkjegardane	Byggja lagerbygg ved Hordabø og Sæbø kyrkjer
Betre energiøkonomisering	Etterisolera kyrkjene. Installere vassboren varme der det er mogeleg
Ha gode kyrkeorgel i kyrkjene	Oppgradering av konsertorgelet i Manger kyrkje



# 10. Kommunalteknisk utbygging og drift

Kommunalteknisk drift har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale vegar, vass- og avløpsanlegg, renovasjon, kommunale bygg med uteareal, medrekna park - og grøntanlegg.

## Kommunale vegar

Det er ca. 55 km med kommunale vegar i Radøy. Dei fleste av desse har no fast dekke, men dårleg underlag medfører likevel mykje tilsyn og vedlikehald.

Det er utarbeidd trafikksikringsplan for kommunen. Planen har vore eit viktig verktøy for kommunen for å planleggja eigne prosjekt på kommunale vegar og til å koma med innspel på tiltak og prioriteringar på riks- og fylkesvegane. Trafikksikringsplanen gir oversikt over alle «problem-punkta» på vegnettet og med bakgrunn i dette er det utarbeidd prioriteringar både på kortsiktige og langsiktige tiltak, som gang- og sykkelveg, vegutbetring, veglys m.m.

## Vassforsyning

Hovudplan for vassforsyninga er under revidering. Den skal vera eit retningsgjevande bidrag til kommuneplanen og gi grunnlag for kommunen si prioritering når det gjeld anlegg og drift av vassforsyninga. Hovudplanen byggjer på kommunen si målsetjing med omsyn til vasskvalitet og kapasitet, regularitet i vassforsyninga, kjeldeval, økonomi og leveringsgrenser. Drikkevasskjelda er Ulvatn.

Kommunen har i dag ca 1.700 vassabonnentar. Målet er både å auka tal på vassabonnentar og å tilby ei endå betre vassforsyning med omsyn til stabilitet og kvalitet. Ombygginga av vassbehandlingsanlegget på Kolåseidet pumpestasjon og ny ringleidning Kartveit-Kolstad, er med å sikra ei stabil vassforsyning og kvalitetskrava fra Mattilsynet.

Planen legg opp til at forsyningstryggleiken må betrast ytterlegare gjennom vidare utbygging av leidningsnettet i kommunen. Gjennom interkommunalt samarbeid planlegg ein også å binda saman leidningsnettet med nabokommunane, dette som ledd i beredskapsplanen i eventuelle krisesituasjonar.

## Avløpsanlegg

Hovudplan for kommunalt avløp er under revidering. Det overordna målet for avløpshandteringa er at avløpsanlegg

og utslepp ikkje skal ha ueheldige verknader korkje for menneske eller natur. Vassdraga og sjøområda i kommunen skal ha ein vasskvalitet som gjev livsgrunnlag for biologisk mangfold, bruk og produksjon. Det er sett krav til reinsing av avløpsvatn med bakgrunn i forureiningslova og lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg.

Det vert òg lagt opp til ein gjennomføringsplan for kontroll og fornying av eksisterande avløpsanlegg og gransking av vassdrag og sjøresipientar.

I planen vert det lagt til rette for at ein kan knyta seg på avløpsnettet der ein av ulike årsaker har dårlege separate avløpsløysingar, og ligg nær opp til allereie etablerte oftentlege avløpsanlegg,

## Renovasjon

NGIR (Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS) vart skipa i 1981 og har omlag 25 tilsette. Selskapet er i dag eigd av kommunane i Nordhordland og Gulen

NGIR er ansvarleg for innsamling og vidare handsaming av alt avfall frå omlag 12.500 hushald og 6.000 hytter i medlemskommunane. Det er høg grad av kjeldesortering hjå abonnentane. Selskapet arbeider for avfallsreduksjon til beste for miljø og klima, og tilbyr avfallsløysingar, rådgjeving og tenester til industri og næringsliv i regionen. NGIR utfører slamtømming for eigarkommunane, og tek i mot bilvrak. NGIR skal vera ei kundeorientert og konkurranse-dyktig verksemd, som aktivt arbeider for eit betre miljø ved å fremja kjeldesortering, gjenbruk, gjenvinning og resirkulering. NGIR har eit godt omdøme blant abonnentane og selskapet har god økonomi.

Avfallsmengda skal reduserast og ein skal motivere for heimekompostering.

Gjenbruksstasjonen på Manger fungerer godt. Tiltak mot ulovleg avfallshandtering og for avfallsreduksjon vil verta sett i verk. Gamle vrak og skrot som finst rundt omkring i Radøy må fjernast. Kommunen må gå aktivt inn å gjera noko med gamle skrothaugar som ligg skjemmande til i landskapet og som kan vera ei miljøbelasting i lokalsamfunnet.

Mål	Tiltak/handling
Løpende oppgradering av kommunale vegar	Syta for godt løpande vedlikehald Legging av fast dekke
Redusera lekkasjane i vassnettet frå 35 til 25%	Kartlegging. Utskifting av røyrnett og koblingar
Sikra og utvida forsyningsområdet for vatn	Utskifting Sæbø - Vetås Utskifting Hallandsvatnet - Manger Vurdere interkommunalt samarbeid med reservevassforsyning Radøy - Mongstad
Auka talet på abonnentar tilknytt offentleg avlaupsanlegg	Kartlegging Informasjon til mogelege abonnentar

## Kommunale bygg

Radøy kommune har ein omfattande eigedomsmasse med blanding av nytt og gammalt. I eigedomsmassen inngår mellom anna fem skulebygg, fem barnehagebygg, velferdsenter, helsehus, omsorgs- og trygdebustader, symjehall og rådhus, totalt ca 30 000 m<sup>2</sup> bygningsareal. Eigedomane har varierande vedlikehaldsgrad og byggeteknisk kvalitet.

Stadig aukande krav til tenester, areal og bygningsmessige kvalitetar, gjer eigedomsforvaltinga utfordrande.

Radøy kommune har som mål å ha eigedomar som er teneleg for tenesteproduksjonen i kommunen, og å utøve rasjonell eigedomsdrift.

For måloppnåinga er det naudsnyt med kompetanse og engasjement på eigarsida, og økonomisk tilrettelegging for langsiktig eigedomsforvalting.

Type bygg	Brutto m <sup>2</sup>
Administrasjonslokale	2.100
Barnehage	600
Skule	9.500
Institusjonslokale	5.700
Kommunale idrettsanlegg	3.200
Andre anlegg og bygg	8.900
Totalt ca	30.000

Mål	Tiltak/handling
Gode kvalitetar i bygg og produkt til byggverk Forskriftsmessige bygg God vedlikehaldsgrad Universell utforming/tilrettelagt for likestilt bruk Bygg tilpassa funksjon Fleksibilitet i bygningsmassen Tilstrekkeleg areal for notid og framtid Følgja opp klima- og energiplanen	Kartleggje eigedomsmassen sin tilstand, bruk og energibehov. Synleggjere behov på administrativt og politisk nivå. Ansvarleggjere eigar, brukar og vedlikehaldspersonale. Utarbeide vedlikehaldsplana for alle kommunale bygg. Utarbeide rutinar for forvalting og drift. Inngå og reforhandle naudsnyte eksterne avtalar for tilsyn og kontroll. Involvere tilsette, brukargrupper og vedlikehalds- og reinhaldepersonale i nybygg- og rehabiliteringsprosjekt. Utarbeide gode prognosar for framtidig trøng for areal og funksjon.



## 11. Beredskap

Kommunane sitt ansvar for tryggleiken til innbyggjarane innafor kommunen sitt geografiske område, er fundamentet i den nasjonale beredskapen. Lov om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelsesloven, – med krav om gjenomføring av overgripande analyse av risiko og kor sårbart samfunnet er, medrekna utarbeiding av beredskapsplanar, vart vedteken i juni 2009. Kommunen er budd på å setja i verk tiltak ved kriser og hendingar. Kommunestyret har vedteke akseptkriteria som gjer at restrisikoen kan handterast best mogeleg.

Planar etter plan- og bygningslova av 2009 skal fremja samfunnstryggleik ved å førebyggja risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar og så vidare. I arealplanlegginga skal risiko- og sårbarheitsanalyser gjennomførast for alle nye utbyggingsområde.

Kommunen har plan for kommunal kriseberedskap og ROS-analyse for heile kommunen. Planane skal vera under jamnleg oppdatering/revidering.

Kommunen handterer uønskte hendingar, brann og personskadar. Når kriser oppstår, skal kommunen vera budd på å handtera slike. Kommunen har planar for samarbeid med redningsetatar og andre aktørar. For å vera tilstrekkeleg budd, skal det systematisk og jamnleg gjennomførast øvingar for relevante delar av kommuneorganisasjonen og andre som er ein del av kriseberedskapen. Likeeins skal det gjennomførast opplæring i krisehandtering og -organisering.

Radøy kommune er ein av 22 medlemskommunar i Interkommunalt utvalg for akutt forureining (IUA) Bergen. Når ein forureiningssituasjon inntreffer trer IUA Bergen region sin beredskapsorganisasjon i kraft. Kommunen vert lagt

inn under IUA sin beredskapsplan ved slike høve. I tillegg skal IUA gje kommunen ressursmessig bistand ved akutte forurensningstilfelle. Bergen region skal ikke berre vere ein aksjonsorganisasjon men skal også stå for kontinuerleg utvikling av arbeidet i IUA Bergen region.

Verktøy for krisehandtering, DSB-CIM, er i bruk og verktøy for simulering av uhell, klimaendringar, havstigning mm. for øving og for å sjå på konsekvensar, skal takast i bruk. Kart, simulering og analysar skal inngå som ein integrert del av krisestøtteverktøyet.

Det er både menneske- og naturskapt risiko for uønskte hendingar og ulukker i kommunen.

### Utfordringar

Analyser av vêr og klima peikar mot meir ekstremvêr i form av meir konsentrert nedbør, meir vind og ei utjamning av sommar- og vintertemperatur. Kombinert med at samfunnet er stadig meir avhengig av teknisk infrastruktur skal kommunen vera budd på krisesituasjonar der infrastrukturen er skadd. Det er sett i verk tiltak som reserveagggregat ved bortfall eller rasjonering av elkraft, og planar for prioritering ved rasjonering av energi.

Radøy kommune har peika på at vind og skogbrann er mellom dei største naturfarane for samfunnet.

Meir reising kan spreia epidemiar raskt, medan aukande biltrafikk har ført til auke i trafikkulukkene, særleg dei alvorlege.

Skipstrafikk og frakt av oljeprodukt til og frå Mongstad utgjer ein fare for omfattande miljøforureining til sjøs.

Mål	Tiltak/handling
Radøy kommune har tryggleik som del av sin visjon og skal vera budd på å handtera uønskte hendingar og krisesituasjonar.	Kommunen skal jamleg auka kunnskapen om samfunnstryggleik og måla desse i eigne og samhandlande beredskapsøvingar, og opplæring gjennom kurs og konferansar
Kommunen skal arbeida systematisk for å avdekka og redusera risiko og handtera restrisiko.	Beredskap skal inn i kommunen sine målekort som eige tema
Radøy kommune skal arbeida aktivt og medvite med å førebyggja uønskte hendingar, søkja å unngå ny risiko og å redusera skadeverknadane ved uønskte hendingar. Alle mål i kommunen sine planar skal vurderast i forhold til beredskapsomsyn og samfunnstryggleik.	Ein skal og nytta risiko- og sårbarheitsanalyser aktivt i planlegging, saman med tenlege dataverktøy. For å få dette til skal kommunen ha oppdaterte planar for beredskapsarbeidet, tiltakskort og synleggjera oppnådde mål i DSB-CIM.

## 12. Brann- og redningstenesta

Kommunen er medlem i den interkommunale ordninga «Alarmsentral brann i Hordaland», med døgnkontinuerleg varslingssentral i Bergen. Frå 2004 har Radøy brannvesen vore med som medlem i Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling (NGIB), der Lindås er vertskommune for dei åtte kommunane.

Kommunen har godkjend brannordning. Brann- og redningstenesta har stort sett godt materiell og utstyr til disposisjon, men brannmannskapa har ikkje fullnøyande utdanning som skal til etter lova.

Mål	Tiltak
Det brannførebyggjande arbeidet skal prioriterast, og det skal arbeidast aktivt med å få ned talet på brannar.	Oppgradering av utstyr Gje mannskapet fagleg påfyll

## 13. Politi

Kommunen er del av Nordhordland politidistrikt. Det er lensmannskontor lokalisert på Manger, kommunesenteret i Radøy.

## 14. Kommuneorganisasjonen

Radøy kommune er organisert med to nivå der kommunestyret vedtek budsjett på einingsnivå. Rådmannen er øverste administrativ leiar. I løpet av 2011 vil kommunen vurdere framtidig organisering. Det er ca 610 tilsette fordelt på ca. 420 årsverk i Radøy kommune.

Den kommunale organisasjonen skal til ein kvar tid vere tilpassa føremålet og gje best moglege tenester til innbyggjarane, med dei ressursane kommunen har til rådvelde. Oppvekst, helse og omsorg utgjer ca. 85% av tenesteomfanget i kommunen.

## 15. Oppsummering

**Radøy – den grøne øya – tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle**

**Kva tyder visjonen og slagordet for Radøy kommune?**

**Kommunen ynskjer vekst i folketal lik auken elles i landet. I kommuneplanen er areal for utbygging utvida, det same gjeld definerte areal for fritidsaktivitetar både på land og sjø. Det er ynskjeleg med vidare utvikling av næring og arbeidsplassar i kommunen. Veksten skal vere berekraftig med fokus på tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle.**

# **16. Kommuneplan, kommunedelplanar, arealdelplanar, sektorplanar og andre kommunale planar**

Kommuneplan 2011- 2023 samfunnssdelen er ein langsiktig og overordna del av det kommunale planhierarkiet etter Plan- og bygningslova. Dokumentet heng saman med fleire andre plandokument, mellom andre følgjande:

Kommuneplan - arealdelen (på høyring 2011)

Kommunedelplanar areal:

- Kommunedelplan for ny riksveg 565 Tolleshaug-Soltveit med arm til Manger. Vedteke 1996.
- Kommunedelplan for Manger (godkjend 2007)
- Kommunedelplan for Radøy sør (godkjend 2009)

Kommunedelplanar – sektorplan:

- Kommunedelplan - Samfunnshelse 2002-2006. Vedtatt 2003.
- Kommunedelplan for klima og energi (godkjent 2010)
- Kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Vedteke i 2008.
- Kommunedelplan - Trafikksikringsplan 2001-2012. Vedtatt 2007
- Kulturplan (godkjend 2010)

Fleire andre kommunale fagplanar, til dømes:

- Kommunedelplan for bibliotektenesta. Vedtatt 2005.
- Avfallsplan for NGIR-kommunane 2000 – 2003
- Bustadsosial handlingsplan. Vedtatt 2001. (Under revisjon)
- Psykiatriplan. Vedtatt 2008.
- Ruspolitisk handlingsplan. Vedtatt 2002. (under revisjon)
- Gjeldande reguleringsplanar (Liste presentert på internett – BRAPLAN)
- Sivil beredskap – ulike katastofeberedskapsplanar.
- Lokal forskrift om utslepp fra mindre avlaupsanlegg, vedteke 2010.
- Hovudplan vatn (under revisjon)
- Hovudplan avlaup (under arbeid)
- Kvalitetsmelding for grunnskulen (2011)
- Lokal rammeplan for barnehagane (2009)

Fylkeskommunale planar og retningsliner

Ein del fylkeskommunale planar har samanheng med samfunnssdelen av kommuneplan for Radøy:

- Fylkesplan for Hordaland
- Fylkesdelplan for kystsona 2001-2004
- Fylkesdelplan for kulturminne 1998-2010
- Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2008- 2012
- Fylkesplan for energi 2001-2012
- Fylkesdelplan – deltaking for alle - universell utforming 2006-2009
- Klimaplan for Hordaland (2010-2020)
- Regionalt utviklingsprogram for Hordaland
- Skogstrategi 2009-2013
- Arealstrategi i landbruket (2010)
- Næringsstrategi i landbruket 2010-2011
- Fylkes ROS Hordaland 2009

Nasjonale føringer

- Rikspolitiske retningsliner (RPR) og rundskriv
- T-2/(08) Om barn og planlegging
- T-2/(98) Fylkes- og kommuneplanlegginga
- T-1161(96) Sentrumsutvikling i små tettsteder.
- Verna vassdrag (RPR 1994)
- Nasjonal transportplan
- Stortingsmelding nr 19 (1999-2000) Om norsk landbruk og matproduksjon (under revisjon)
- Stortingsmelding nr. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøvernpolitikk
- Stortingsmelding nr 39 (2008-2009) Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen
- Stortingsmelding nr 47 – samhandlingsreformen
- Rikspolitiske retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningsliner for universell utforming
- Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag
- Naturmangfaldlova 2009







## Kommuneplan for Radøy 2011 - 2023

RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690 - 5936 MANGER- Telefon sentralbord: 56 34 90 00 - Telefax: 56 34 90 01  
E-post til Radøy kommune: postmottak@radoy.kommune.no  
[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)



**RADØY**  
den grøne øya